



Alver FrP



# Med ei stø hand på roret

Program for 2023 – 2027

Helse og omsorg

Oppvekst, skule og barnehagar

Næringsliv

Areal, busetting og kommunale tenester

Samferdsel

Asyl og flyktningpolitikk



Mary–Ann Mostraum  
Ordfører kandidat for Alver FrP

# Stabil og tydeleg styring

**Det går mot nytt val og det er eit nytt høve til å endra kursen til Alver kommune. Utfordringane er mange, og vi treng eit tydeleg politisk fleirtal som kan styra med ei stø hand på roret og lose Alver kommune trygt gjennom ureint farvatn.**

Alver kommune skal bli ein JA–kommune, der innbyggjarane og byggjesaker står i fokus. Kommunen skal arbeida for at innbyggjarane vert teke best mogleg vare på, anten det er ein byggjesøknad, næringsutvikling, friluftsliv, eldre–omsorg, skulen eller frivilligheita. Vi skal ta innbyggjarane på alvor og vera positive.

Alver kommune er ein kommune med eit mangfaldig og variert næringsliv. Dette skal vi syta for å ta vare på, og samstundes gje dei rom for vidareutvikling og stabile rammevilkår, slik at dei får ei føreseieleg framtid.

Som folkevald skal vi jobba for at innbyggjarane

igjen skal få den tilliten til politikarane og administrasjonen som dei fortener. Vi vil at Alver kommune skal ha ein effektiv og framtidsretta struktur samt ei god økonomisk styring.

Saman skal vi finna gode løysingar!

Stem Frp – vi står klar til å ta styring og stå stødig til rors dei komande åra om de gjev oss tilliten 11. september 2023!

Mary–Ann Mostraum  
ordførarkandidat, Alver FrP

## Helse og omsorg



Vi meiner at det er viktig å få på plass ein demenssjukeheim i kommunen. Omsorgsteknologien skal vera rimeleg og tilgjengeleg for brukarane. Dette er viktig å ha på plass slik at dei kjenner seg trygge og gjerne vel å bu lengre heime. Staten skal overta finansieringa av eldreomsorga. Alver FrP er opptekne av kvaliteten på tenestene, og ikkje kven som leverer tenestene. Vi vil difor opne opp for private aktørar innan helse og omsorgstenestene for å kunne imøte–koma eldreborgjarane. FrP vil at du skal gleda deg til å bli gamal. Ein sjuke–heim skal ikkje vere ein siste oppbevaringsplass, men ein stad som tilbyr ein spennande kvardag for våre eldre gjennom aktivitet og glede.

### Alver FrP vil arbeide for:

- Demenssenter.
- At eldre skal ha moglegheit til å bu heime lenger.
- Eit godt aktivitetstilbod for eldre, og til dei med nedsett funksjonsevne.
- At Helsehuset skal få på plass røntgen.
- Rus og psykiatribustader.
- Styrkje frivilligheita.

## Oppvekst, skule og barnehager.



For FrP er det viktig at skulen er ein god stad for læring, med gode tilhøve for både elev og lærar. Skulen skal vere tilpassa barn uansett evne og talent. Mobbing, trakassering, tjuveri og vald kan aldri akseptast. Det skal vere god orden, disiplin og trivsel i skulen. Barn og unge opplever kvardagen ulikt, og det er viktig at kommunen til ei kvar tid har kapasitet og kompetanse til å hjelpa med utfordringar i skulen, som t.d. mental helse. Vi vil også jobbe for at lærarane skal ha ein god og trygg arbeidsplass. Frp vil jobba for å få ein god og framtid–retta skule. Elevar og lærarane skal ha tilgang på fungerande datamaskiner/nettbrett med ferdig oppsett naudsynt programvare til skulestart. Vi ynskjer at all ungdom skal kunne finne ein passende aktivitet i kommunen og ønsker difor å leggja til rette for dette.

### Alver FrP vil arbeide for:

- Gode oppvekstmoglegheiter for våre barn.
- Ein god og framtidsretta skule.
- Valmoglegheiter mellom private og kommunale skular og barnehagar.
- Fleksible opningstider og kontinuerleg opptak i barnehagar.
- Ei god dekning av barne og ungdomsarbeidarar i skulen.
- Å styrkje fritidstilbodet for ungdomane.
- Skular utan mobbing og vald.
- Osterhallen.
- Motorsport.



## Næringsliv



Det er eit mål for Alver FrP at næringslivet skapar arbeidsplassar. Difor skal kommunen leggje til rette for god næringsutvikling, og ha eit tett samarbeid med næringslivet.

Næringslivet treng stabile rammevilkår som gjev vekstmoglegheiter for lønnsame, kreative og tilpassingsdyktige bedrifter i kommunen. Det er eit mål for FrP at vi satsar på– og leggjer til rette for maritim næring, havbruk, landbruk og vidareutvikling av olje– og gassnæringa. Vi vil at Alver kommune skal ha ei leiande rolle i kampen om å få det fyrste modulære kjernekraftanlegget i Noreg. Dette for å sikre ein stabil og rimeleg straum til private– og bedrifter i Nordhordland.

Petroleumsnæringa er svært viktig for økonomien i Alver. Næringa står for mykje av sysselsettinga, og bidreg til både industri– og offshoreteknologiutvikling. Kommunen har i dag landets mest komplette kompetansmiljø innan offshore– og subseatenester.

### Alver FrP vil:

- Satse på maritim næring, havbruk og landbruk.
- Sei nei til eigedomsskatt på hus og hytte.
- Arbeide for å redusera formueskatten.
- Arbeide for å redusera gebyrsatsane på plan og byggesak.
- Satse på fleire lærlingar.
- Satse på små modulært kjernekraftverk som energikilde.

## Areal, busetting og kommunale tenester



FrP vil jobbe for at heile kommunen skal takast i bruk, og at våre kommunesenter skal bestå. Våre innbyggjarar må oppleve at kommunen er til for dei, og FrP skal sørge for at kommunen er ein JA–kommune, som yter service av høgste kvalitet. Alver FrP vil, der det er naturleg, tillate byggjing av hus eller hytter innanfor eit 100 meters belte i strandsona.

Når man har fått godkjend dispensasjon til å byggje på ei tomt/naust, skal denne merkast «gult», og man skal ikkje måtta søkje dispensasjonar for same tomte i ettertid. Mange planer blir fort utdaterte, og tar ikkje høgda for utviklinga. Difor vil Frp gje dispensasjonar der det er mogeleg for å fremje utviklinga.

### Alver FrP vil at kommunen skal sei:

- Ja i byggjesaker.
- Ja til spreidd busetnad.
- Ja til naust og orrbuer.
- Ja til dispensasjonar.
- Ja til private bustadplanar.
- Ja til bygging av hus nr.2 og 3. på landbrukseigedomar.

## Samferdsel



Alver FrP vil ta vare på dei kommunale vegane og heve vegstandaren. Det er mange pendlarar som reiser kollektivt, FrP vil difor jobbe for å sikre gode kollektive løysingar på buss og båt, og sikre parkeringsplassar som gjer det lettare å velje kollektivløysingar. Vi vil fortsett kampen om midlar til E39 Klauvaneset – Vågsbotn då dette er viktig for både private og bedrifter i Alver.

### Alver FrP vil:

- Auke standaren på kommunale vegar.
- Auke trafiksikkerheita rundt skulane.
- Arbeide for å betre kollektivtransporten i distrikta.
- Fleire avgangar med båten Knarvik-Frekhaug-Bergen.
- Fortsette å jobbe for at tunnel frå Vågsbotn til Klauvaneset blir prioritert.
- Arbeide for å få vedtatt vegtrase E39 gjennom Alver.
- Sei nei til bompengar, då dette er ein unødig tilleggsskatt.

## Asyl og flyktingpolitikk



Asyl og– flyktingpolitikk er det ikkje kommune– politikarar som vedtek. Men alle asylsøkarar og flyktingar som får opphald i Noreg må ha ein kommune å bu i.

Alver FrP krevjar at alle flyktingar som busettast i Alver kommune skal gjennomføre 2–årig intro–duksjonsprogram, og at kommunen får dekt alle kostnader med integrasjonsarbeidet frå staten.

### Alver FrP vil arbeide for at:

- Dei som busettast her skal integrerast på ein god måte.
- Framandspråklege elevar må få naudsynt tilrettelegging.



## Førebygging av kriminalitet



FrP vil prioritera førebyggjande arbeid for å hindre utvikling av rusavhengighet. Det er spesielt viktig å prioritera førebyggjning retta mot barn og unge.

### Alver FrP vil:

- At politiet satser meir på forbyggjande arbeid blant barn og ungdom.
- Støtte natteravnar og frivilligheten.


Foto:  
Framsida: Arne Årseth,  
s. 2 CR–Foto,  
s. 4 General Electric/Hitachi Nuclear Energy,  
s. 4 Andrzej Dariusz Matuszewski

## NB!

Tidlegstemming starter **3.juli**,  
og ordinær forhåndsstemming  
er åpen fra **10.august**.




## I år er det både kommune- og fylkestingsvalg.



I valg lokalet finner du to valglistor:

Rosa kant for kommunevalget  
Blå kant for fylkestingsvalget.



I kommunevalget kan du rette på stemmesedlene:

Sette kryss ved en kandidat for å gi vedkommende en ekstra personstemme.  
Før opp en listekandidat fra et annet parti for å gi vedkommende en ekstra personstemme.

**Alle som fyller 18 år i løpet av 2023, og er bosatt i kommunen pr 30.juni, har stemmerett.**

Du trenger ikke være **norsk statsborger** for å stemme i lokalvalget. (Personer utenfor Norden må ha 3 års botid i Norge).

Det eneste du trenger å ha med deg i valglokalet er **gyldig legitimasjon m/bilde**.

Du trenger ikke **valgkortet** (blir sendt i Posten), men dette letter arbeidet i valglokalet.

## Saman skal me sørgja for forandring i Alver



**1. Mary-Ann Mostraum Hjelmas**

Sikre gode vilkår til næringslivet, Opplæring, Helse og omsorg



**2. Yngve Walaker Knarvik**

Infrastruktur, næring, fritidsaktiviteter for alle



**3. Tore Helland Leknes**

Oppvekst, Skule og Barnehager.



**4. Nina Stabel Øverås Ostereidet**

Trygg og verdig eldreomsorg, ein trygg skule for elev og lærar, næringsutvikling



**5. Esben Andre Helland Radøy**

Næringsliv, Areal, Busetting og kommunale tjenester



**6. Marie Mostraum Hjelmas**

Mobbefritt samfunn, Dyrevelferd

7. Bjørn Dyrkolbotn	Alversund	Næringsliv, Areal, Busetting og kommunale tjenester
8. Tommy Øvretveit	Kløve	Ta heile Alver i bruk, næringsliv
9. Merete Vatnøy	Seim	Oppvekst, skule og barnehagar, helse og omsorg
10. Kjetil Melvær	Lindås	Næring, Tæring etter næring
11. Oddvar Øvreås	Ostereidet	Nei til eigedomsskatt på hus og hytte, JA-kommune i byggesaker.
12. Trond Marøy	Manger	Næringsliv
13. Richard Walaker	Alversund	Fritidsaktiviteter, motorsport og E-sport
14. Inger Karin Hagesæter	Frekhaug	Seniorpolitikk, frivillighet, psykiatri
15. Arild Tveranger	Lindås	Ja-kommuner, redusere skatter, avgifter og fjerne bompengene.
16. John Strandenes	Leknes	Eldreomsorg
17. Toril Helen Tveranger	Alversund	oppvekst, skule og barnehagar, helse og omsorg
18. Jonny Hatlelid	Eikangervåg	Eldreomsorg, Helse, rusomsorg
19. Einar Tveranger	Alversund	Nei til eigedomsskatt
20. Lill Karin Dale	Knarvik	Næring

# Verdiskapingsfylket Vestland

Stem FrP ved kommune –  
og fylkestingsvalet!

Fylkesordførarkandidat  
Vestland FrP  
Terje Søviknes



## FrPs prioriteringar i fylket:

- Fritt skuleval og satsing på yrkesfag
- Utbygging og vedlikehald av fylkesveg
- Nei til bybane over Bryggen
- Nei til bompengefinansiert bybane til Åsane
- Ja til eit godt kollektivtilbod i heile fylket
- JA-haldning i arealsaker
- Verdiskaping og arbeidsplassar

## Vestland FrP stiller ei knallsterk liste til fylkestingsvalet 2023:

1. Terje Søviknes (Bjørnafjorden)
2. Sigbjørn Framnes (Stord)
3. Renate Møgster Klepsvik (Austevoll)
4. Martine Jordana Baarholm (Bergen)
5. Frank Willy Djuvik (Kinn)
6. Stig Abrahamsen (Askøy)
7. Helge Stormoen (Bergen)
8. Sigurd André Maraas (Fitjar)
9. Gustav Bahus (Bjørnafjorden)
10. Rita Navarsete (Sogndal)
11. Hogne Bleie (Stad)
12. Frode Nygård (Kvam)
13. Anita Garlid Johannessen (Øygarden)
14. Martin Virkesdal Jonsterhaug (Bergen)
15. Mary Ann Mostraum (Alver)



**Fremskrittspartiet**

– Stem for eit offensivt Vestland!